

VINTERBEREDSKAP BØMLO KOMMUNE 2018/2019

Bømlo kommune har vinterberedskap i perioden 05.november – 31.mars.2019

Det er 6 tilsette som til ei kvar tid rullerer vaktberedskap og kor fleire kan bli kalla inn ved behov. Snø/nedbør eller glatte veger kjem ofte overraskande, og det medfører at mange hendvend seg til kommunen. Teknisk drift i Bømlo kommune har følgjande rutinar og prioriteringar ved brøyting og strøing:

1. Kommunale hovudvegar, skulevegar, institusjonsvegar,

2. Busslommer, sykkel- og gangstiar,

3. Hovudvegar til og i kommunale bustadfelt

VINTERVEDLIKEHALD FELLES PRIVATE VEGAR

Bømlo kommune har gjennomført ei registrering av kommunale og private veger.

I kommunen er det mange privat utbygde bustadfelt der eigar ikkje har søkt kommunen om overtaking av veier til kommunalt vedlikehald. Dette vil sei at det pr dags dato er veigar som har ansvaret for vintervedlikeholdet på disse vegane.

«Utviding av brøyterodene til også å gjelda private fellesvegar, er ikkje tilrådeleg med dei ressursane som teknisk drift disponerer pr. dags dato».

Førespurnad kvardagar frå kl. 07:00 – 15:00

Telefon: 53 42 31 43.

Førespurnad etter kl. 15.00 og i helgane:

Vakttelefon: 913 30 814

Førespurnad vedkommande riks- og fylkesveier skal rettast til Statens vegvesen på telefon 175.

Brøyting av snø inn på privat eiendom

Ved store snøfall vert eit stort apparat sett i sving for å halda vegnettet ope. Sjølv om ein prøver å få utført arbeidet på ein slik måte at det ikkje medfører urimelege konsekvensar for tilstøytande grunneigarar vil arbeidet nokre gongar medføra at snø vert brøyta eller fresa inn på privat grunn.

Det at snø kjem inn på eigedom som følgje av brøyting/fresing av offentleg veg/trafikkareal er som ein klar hovudregel innafør tålegrensa etter nabolovas føresegner, med mindre brøytinga/fresinga føregår på ein uforsvarleg og etter omstende lite omsynsfull måte. I periodar med uvanleg stort snøfall vil tålegrensa for påførte ulemper etter nabolova kunne utvidast – dvs. jo meir snø som fell og må flyttast/fjernast frå vegområdet av omsyn til vegtrafikken, trafikktryggleik og framkome, desto større ulempe må naboar til veg måtta tåla som følgje av brøyting/fresing. Det tilhøvet at snø som kjem inn i hagar og innkøyrslar kan innehalda strøsand eller salt, må også reknast å liggja innafør tålegrensa etter nabolova.